

## Vedlegg 1

### **Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve. Vedteke i kommunestyret 15.12.2016 i sak 90/2016.**

#### **Fastsetjing av sals- og skjenketid etter alkohollova og opningstid etter serveringslova Ambulerande skjenkeløyve etter alkohollova §4-5 og einskildløyve etter same lov §1-6**

#### **Innleiande kommentarar:**

Fusa kommune vil leggja til rette slik at alkohol kan omsetjast, men at nytinga fører til minst moglege negative resultat. Alkoholpolitikken skal spegla dette synet. Reiskapen her er streng kontroll og opplysningsverksemd i samband med den.

Fusa kommune har vinmonopolutsal.

Det vert ikkje sett tak for faste skjenkeløyve.

Det vert lagt vekt på kompetanseheving hos løyvehavarar – både dei som har fast skjenkeløyve og ansvarlege for skjenking i forsamlingslokala. Ein sikrar då at skjenkinga blir følgt opp av personar som kjenner lovverket.

Fusa kommune vil også i framtida leggje vekt på følgjande:

- Tala på einskildløyve vert ikkje auka.
- I rusmiddelpolitisk samanheng oppfordrar ein til at arrangementa må ha ein karakter som gjer at publikum kjem pga. interessa for arrangementet sin karakter, og ikkje berre leggja vekt på at tilbod om skjenking er avgjerande for publikumsstraumen.
- Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement eller arrangement der barn og unge er ei målgruppe
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 blir gjeve berre til slutta lag, alminnelege faste løyve eller utviding av faste løyve.

### **Punkt 1:**

Fusa kommune vedtek med heimel i §§3 og 7 i Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 4-4 og Lov av 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet §15 følgjande retningsliner for sals-, skjenke og opningstider i Fusa kommune.

- 1.1 Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje i sals- og utleveringsstaden si opningstid frå kl. 08.00 - 20.00 på kvardagar og dagen før Kristi Himmelfartsdag.
- 1.2 Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00-18.00 på dagar før søn- og helgedagar.  
På påske-, pinse-, jul- og nyttårsaftan mellom kl. 08.00-15.00.
- 1.3 Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sun- og helgedagar, 1. og 17. mai.  
I Fusa kommune er det lov til å selja alkohol på stemmedagen ved stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov.  
Salstid som elles.

### **Punkt 2:**

- 2.1 Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 kan skje frå kl. 08.00 - 01.30  
På sun-, heilag- og offentlege høgtidsdagar er skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 til kl. 01.30.  
Fortæringstid til kl. 02.00.
- 2.2 Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00-00.30, med fortæringstid til kl. 01.00.  
Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 er forbode på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemning vedteke ved lov.
- 2.3 Opningstid vert sett til kl. 02.00. Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.
- 2.4 a) Skjenketida for uteservering vert sett til kl. 01.30 med fortæringstid og stengetid til kl. 02.00.  
  
b) Skjenkeløyve til uteservering vert gitt til stader med fast skjenkeløyve og til forsamlingshus etter søknad.

Korleis arrangementet skal gjennomførast må gå fram av søknad.

- c) Stadar med fast skjenkeløyve kan få utvida skjenketid på uteservering til kl 01.30

med fortæringstid til kl 02.00 ved inntil to særskilde arrangement pr kalenderår.

Større arrangement - dvs. arrangement planlagt for over 500 deltakarar -får utvida skjenketid på uteservering til kl 01.30 med fortæring til kl 02.00.

Dersom dei som har faste skjenkeløyve skal utvida lokala sine til å gjelda forsamlingshus, gjeld dei same vaktkrava for dei som når huseigar har einskildløyve samt aldersgrense på 18 år. På forsamlingslokala vert det ved opne arrangement gitt løyve til skjenking i gruppe 1 og 2.

2.5 Med heimel i alkohollova vert det etter §4-5 oppretta 4 ambulerande skjenkeløyver for alkoholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 til slutta lag.

2.6 2.6.1

Stadar, dvs. forsamlingslokale og serveringsstader utan fast skjenkeløyve, kan søka om einskildløyve, for alkoholdig drikk gruppe 1 og 2, til arrangement gjennom året jf. alkohollova §1-6. Det vert stilt krav om at skjenkestyrar og minst ein tredel av vaktene, som politiet set krav om, må ha gjennomført obligatorisk kurs for skjenkestyrarar og vakter.

Løyve blir gjeve berre til huseigar, juridisk ansvarleg eller ein fast etablert skjenkestad som utvidar eksisterande løyve. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement eller arrangement der barn og unge er ei målgruppe, sjå punkt 2.12.

2.6.2

Fusa kommune kan i tillegg gje inntil 10 einskildløyve for gruppe 1 og 2 («øl og vin» pr kalenderår. Løyve vert gitt til forsamlingslokale og serveringsstader utan fast skjenkeløyve, for eitt bestemt høve i året til opne lag av privat karakter til bruk ved jubileum og liknande. jf. alkohollova §1-6.

Det skal ikkje verta omsett alkohol mot vederlag.

Løyve blir gjeve berre til huseigar, juridisk ansvarleg eller ein fast etablert skjenkestad som utvidar eksisterande løyve.

2.7 1. juledag, 1. påskedag, langfredag og 1. pinsedag blir det ikkje gjeve einskildløyve etter alkohollova §1-6.

2.8 Løyveplikt gjeld i fylgjande samanhengar, jf. alkohollova § 8-9:

2.8.1 All overdraging av alkohol mot vederlag krev løyve, dersom ein t.d. betalar for alkoholdig drykk i ein kuver-pris, alkohol er inkludert i inngangspengar, eller

i dei høve alkoholhaldig drykk vert seld til sjølvkost eller sterkt subsidierte prisar.

- 2.8.2 Når utleigar av lokalet eller andre som ikkje er tilskipar av selskapet står for innkjøp av mat og alkohol. Når lokalet vert leigd ut til andre enn privatpersonar.

Dersom eit firma, eit lag eller ein organisasjon leiger lokalet, må ein søkja løyve som tidlegare.

- 2.8.3 Ved ambulerande løyve etter alkohollova §4-5 må ikkje arrangementet vera annonsert i avisa, ved løpesetlar eller på annan måte. Forsamlinga må stetta krava til "lukka lag" der det bl.a. må vera eit naturleg samhøve mellom deltakarane som nyttar dette løyvet.

Kommunen kan krevja at tilskiparen sender inn liste over deltakarane før tilskipinga finn stad.

## 2.9 Gebyra vert fastsett årleg av staten.

Lokale gebyr vert regulert årleg i budsjetthandsaminga. For 2017 er det fastsett følgjande:

- a) Gebyret pr. tildelt einskiidløyve jf. § 1-6 vert sett til kr 900,-. Dette gjeld arrangement der forventa omsetnad, etter utrekning på grunnlag av satsane i alkoholforskrifta, ville gitt eit gebyr på inntil kr 300.
- b) Gebyret pr tildelt einskiidløyve jf. § 1-6 vert sett til kr 4800,- . Dette gjeld arrangement der forventa omsetnad, etter utrekning på grunnlag av satsane i forskrifta, ville gitt eit gebyr på kr mellom kr 300 – 4800.
- c) For tilskipingar med ei forventa utskjenka mengde alkoholhaldig drikk ut over det som gjeld for a) og b) følgjer ein hovudregelen i forskrifta.

d)

**Ved opne** tilskipingar, som er av **privat karakter** der det ikkje vert omsett alkohol mot vederlag, vert gebyret kr 350,- pr skjenkeløyve.

For alle alternativa gjeld:

Gebyret vert fastsett etter opplysningar om forventa omsetning. Faktura sendt ut med forfall 2 veker. Gebyret skal betalast også om løyvet ikkje vert nytta.

Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

Saman med oppgåva skal det følgja kvittering frå den som ølet/vinen er innkjøpt gjennom.

Kommunen vil foreta ei etterrekning og eit etteroppgjer dersom det ligg føre eit vesentleg avvik mellom forventa omsetnad og faktisk omsetnad.

- 2.10 Under føresetnad av at det alle opplysningar er gitt i søknaden vert sakshandsamingstida sett til ei veke frå motteken søknad. Søknadskjemaet skal også leggjast ut som elektronisk skjema
- 2.11 Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve skal innehalde opplysningar om kva løyvet gjeld, føremål, skjenkestyrar, skjenkelokale, kva løyve kostar, skjenketid og dato.
- 2.12 Aldersgrense på offentlege arrangement som kan få einskildløyve etter alkohollova §1-6 vert sett til 18 år.

Ved 18 årsgrense på offentlege arrangement, gjeld den også for artistar/opptredande.

I ein prøveperiode på 3 år har kommunestyret opna for at det kan søkjast om løyve til å arrangera konsert/festival med alkoholserving der ungdom i alderen 15-18 får tilkomst i egne skjenkefrie soner. Kommunestyret evaluerer ordninga etter prøveperioden. I søknaden må det m.a. framgå at det vert ivareteke at det er eit "arrangement i arrangementet", jf. moment i saksutgreiinga.

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden

Jf. moment i saksutgreiinga, kommunestyresak 95/12:

**For å gjennomføra arrangement der ein har avskilte rusfrie sonar og der alkohollova vert ivareteke godt nok må det vera eit "arrangement i arrangementet".**

M.a. må ein ha ei eigen sone som er:

- Adskilt med gjerde
- Har eigen inngang
- Har egne toalett
- Har evt. eigen servering
- Har egne vakter
- Rømningsvegar
- Politiet slepp ikkje opp for at vaksne over 18 skal kunne gå att og fram mellom sonane.

Korleis arrangementet skal gjennomførast må framgå av søknaden der risikovurdering i samsvar med reglar om intern kontroll føreligg, jf. alkohollova §1-9 siste ledd og forskrift om omsetning av alkohoholdig drikk kap 8 og retteiar for internkontroll.

**Punkt 3:**

- 3.1 Løyvet kan ikkje gjevast før evt. krav frå skatte- og avgiftsstyresmaktene er kome i orden.
- 3.2 Det vert føresett at verksemda har tilfredsstillande internkontrollrutinar, at løyvehavar har meldt tilsette inn i arbeidstakarregisteret, at det føreligg godkjende arbeidskontraktar for dei tilsette og at dei tilsette har yrkesskadeforsikring.
- 3.3 Det er ein føresetnad at løyvehavar ikkje tillet nokon form for pengespel i skjenkelokala.
- 3.4 For å gjera tydeleg kravet til forsvarleg drift vert det presisert at skjenkestyrar, tilsette og/eller vakter ikkje kan konsumera alkohol og/eller vera påverka av rusmidlar under utføring av arbeidet sitt.
- 3.5 Krav til universell utforming skal følgjast opp.

## RETNINGSLINJER FOR REAKSJONAR ETTER ALKOHOLLOVA § 1- 8

### I. Faste sals og skjenkeløyve:

Alkoholova §1-8 og forskrift regulerer høvet kommunen har til å inndra eit sals- eller skjenkeløyve. Endring i alkoholforskrifta kap 10

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#KAPITTEL\\_10](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#KAPITTEL_10)

inneber innføring av prikktildelingssystem, med sakshandsamingsreglar og standardiserte reaksjonar for ulike former for brot.

Reglane inneber at ulike typar brot vert tildelt eit visst tal prikkar, og der 12 tildelte prikkar i løpet av to år vil føra til inndraging i ei veke. Eit enkelt brot kan gje maks 8 prikkar. Kor alvorleg brotet er avgjer talet på prikkar. Ordninga er obligatorisk for alle kommunar.

Hovudformålet med innføring av prikktildelingssystemet er å sikra at brot på regelverket vert følgt opp. Det skal også føra til ei forenkling av sakshandsaminga i kommunen. Ein har klare retningslinjer for kva reaksjon som normalt skal veljast. Kun unntaksvis skal det utøvast skjøn ved handsaming av sakene. Konsekvensane ved brot skal vera tydelegare og meir føreseielige for løyvehavarar med prikktildelingssystemet.

### II. Einskildløyve etter §1-6 3. ledd og ambulerande løyve etter §4-5:

Brot på alkohollov, forskrift, retningslinjer og vilkår kan føra til at løyve ikkje vert gitt til nye arrangement/at det vert gitt karantene.

Utfyllande retningslinjer for reaksjonar:

M.a. skjenking til mindreårige, brot på hjelpeplikta, brot på kravet til forsvarleg drift og hindring av kontroll, vert å rekna som eit grovt brot.

- a. Ved brot fyrste gong, vert det gjeve ein advarsel eller søkjar får ikkje innvilga nytt løyve i to månader.
- b. Ved grovt brot fyrste gong, får ikkje søkjar nytt løyve på minst 6 månader. Dersom det er naudsynt for å kunna iverksetja sanksjonar, så kan reaksjonen verta at søkjar ikkje får nytt løyve på minst eitt år.
- c. Ved grovt brot andre gong vert det ikkje tildelt nytt løyve til søkjar før om eitt år, eller søkjar blir ikkje gjeve høve til å stå for skjenking for resten av løyveperioden.
- d. Lokala kan ikkje nyttast til skjenkelokale i den tida reaksjonen varer.

Bruk av alkoholhaldig drikk i lokale som nemnt i alkoholova § 8-9 - utan naudsynt skjenkeløyve - er huseigar sitt ansvar. Huseigar må heller ikkje tillata at andre serverer eller drikk alkohol på staden.

Det er politiet, ikkje kommunen, som skal driva kontroll med - og gripa inn overfor - løyvelaus skjenking. Politiet er rette instans for meldingar om ulovleg sal og skjenking utan løyve. Politiet handsamar dette som brot på alkohollova § 10.



## DELEGASJON AV VEDTAKSMYNDEN FRÅ 01.01.2017

### **Kommunestyret har m.a. følgende mynde:**

- Ansvar for å utarbeida alkoholpolitisk handlingsplan
- Avgjera søknader om sals- og skjenkeløyve for ein bestemt del av året eller for heile løyveperioden
- Avgjera saker om permanent utviding av sals- eller skjenkeløyve
- Gjera vedtak i prinsipielle saker etter serveringslova

### **Formannskapet har følgende fullmakter:**

- Kontrollutval etter alkohollova si forskrift kap. 10
- Vedtak om reaksjonar med heimel i §1-8 som ikkje er delegert til rådmannen.
- Avgjera søknader om enkeltløyve eller ambulerande løyve og søknaden gjeld nye konsept/typar arrangement.
- Utviding av skjenketid for eit enkelt høve §4-4 3. ledd

### **Rådmannen har fullmakt i følgende saker:**

- Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve som varer inntil tre dagar, § 4-5, §1-6
- Tildeling av løyve til sals- og skjenkestader der det har vore mindre vestlege endringar i høve til eksisterande løyve og politiet og sosialtenesta ikkje har merknader til søknaden. (M.a. flytting til nytt lokale, endra selskapsform hos løyvehavar)
- Utviding av skjenkelokale for eit enkelt høve §4-2
- Godkjenning ved skifte av styrar og avløysar § 1-7 c
- Fastsetja frist for innlevering av oppgåve for forventa omsett mengde alkohol § 11-3
- Fastsetja løyvegebyr og frist for innbetaling, §7-1 og tilhøyrande forskrift
- Avgjera saker om prikktildeling og inndraging, jf. § 1-8 og tilhøyrande forskrift
- Inndraging av løyve, jf. §1-8, når løyvet ikkje er nytta siste år
- Saker etter serveringslova når saka ikkje er av prinsipiell karakter